



Voss herad kommune
Postboks 145
5701 VOSS

Trondheim, 19.10.2020

Dykkar ref.:
[Dykkar ref.]

Vår ref. (bes oppgitt ved svar):
2018/1447

Sakshandsamar:
Heidi Grete Betten

Svar på søknad om samtykke til varig omdisponering til barnehageformål av del av Øyane bygdetun statleg sikra friluftslivsområde gnr. 623 bnr. 65 i Granvin, Voss herad

Som rettshavar på gnr. 623 bnr. 65 Øyane bygdatun statleg sikra friluftslivsområde i Voss herad, gir Miljødirektoratet samtykke på vilkår til mogleg omdisponering av ein del av området til barnehageformål. Ut ifrå ei heilheitsvurdering blir det blant anna stilt vilkår til plasseringa av ein ev. barnehage på eigedomen av omsyn til friluftslivsverdiane og hagemarka. Voss herad som drifts- og tilsynsansvarleg for friluftslivsområdet blir oppmoda til å utarbeide ei skjøtselsplan for hagemarka.

Vi viser til søknad av 16.09.2020 frå Voss herad om varig omdisponering av Øyane bygdatun statleg sikra friluftslivsområde, og til dykkar e-post av 02.10.2020 der de endrar søknaden til å gjelde omdisponering av om lag to daa i staden for heile det statleg sikra arealet. Vidare viser vi til uttale av 08.10.2020 frå Vestland fylkeskommune.

Bakgrunn

Øyane bygdatun friluftslivsområde vart sikra for ålmenta med statleg medverknad i 1993 etter søknad frå Granvin herad. Heradet er heimelshavar, medan staten ved Miljødirektoratet er rettshavar etter at fylgjande fråsegn er tinglyst på eigedomen: "*Granvin herad stadfestar hermed at den ubebygde delen av området "Bygdetun" gnr. 123 bnr. 65 i Granvin ikkje skal nyttast til anna enn friluftsføremål utan samtykke frå Direktoratet for naturforvaltning.*" (Gardsnummeret har no vorte gnr. 623, og Direktoratet for naturforvaltning har vorte Miljødirektoratet.) Inkludert vegareal og tun med bygningar er denne eigedomen i dag i underkant av 10 daa totalt. Dette betyr nok at det statleg sikra arealet berre er 6-7 daa, og det er ikkje vist med riktig områdeavgrensing i naturbasekartet.

Om søknaden om omdisponering

Utgangspunktet for søknaden frå Voss herad no er eit behov for ny barnehage i Granvin. Det er press på dei sentrumsnære areala, og store område er bandlagte på grunn av ras- og flaumfare. Voss herad har gjort ein moglegheitsstudie med fleire lokaliseringsalternativ og har gjort vedtak om å gå vidare med sikte på ny barnehage i det statleg sikra friluftslivsområdet Øyane bygdatun. Det er

fleire årsaker til dette, blant anna er dette ei sentral plassering med gåavstand til bustadfelt, sentrumsfunksjonar og andre institusjonar, det er eit område skjerma frå støy, trafikk og elva, tomta er flaumsikra og lett å opparbeide, og det er fordelar med nærleik til bygdetunet. Det kan i fylgje søknaden opnast for sambruk av utearealet til ein barnehage her utanfor opningstidene. Detaljar kring plassering, tilkomst m.m. ynskjer heradet at skal kunne avklarast seinare under utarbeiding av reguleringsplan, som ikkje er i gang enda. I dag er det statleg sikra arealet regulert til friluftsområde/park/spesialområde bevaring, men er ikkje tilrettelagt frå heradet si side. Store delar er i beitesesong inngjerda for beite for sau og hest.

Granvin herad ba i 2018 om ei førehandsvurdering frå fylkesmannen i Hordaland om mogleg omdisponering av omlag to daa av eigedomen til barnehage. Fylkesmannen hadde då ansvar for å gje uttale til Miljødirektoratet som rettshavar i samband med mogleg omdisponering av statleg sikra friluftslivsområde. Dei uttalte seg positivt til forslaget i brev av 16.05.2018 ut ifrå at det var snakk om kun ein del av det sikra friluftslivsområdet, og at det var mogleg med sambruk av utearealet. Utearealet kunne med dette bli betre tilrettelagt og slik få meir bruk enn tidlegare.

Vidare foreslår Voss herad i søknaden eit erstatningsareal, Fjordparken, som ligg ved fjorden og utløpet til Granvinelva. Dette er eit kommunalt eigmeldt areal på omlag fem daa som er opparbeidd som park/friluftslivsområde og kan sjåast i samanheng med det statleg sikra friluftslivsområdet Grandane-Røynstrand på andre sida av elva. Desse områda er kopla saman med ei gangbru over elva. Fjordparken ligg slik sentralt i Granvin og har god samanheng med strandsone, grønstruktur og gang- og sykkelvegnett.

Fylkeskommunen sin uttale

Fylkeskommunen har no ansvar for å gje Miljødirektoratet uttale i omdisponeringssaker. I samband med denne søknaden har Vestland fylkeskommune vore på synfaring i Granvin saman med Voss herad. Sidan området er kulturmark og ein del av eit spesielt kulturmiljø med kulturminneverdiar, har fylket sin kulturarvseksjon òg kome med ei kulturminnefagleg fråsegn. Merknadene frå kulturarvseksjonen er i alle høve viktige å ta med seg dersom heradet går vidare med ei reguleringsplan.

Når det gjeld friluftslivsinteressene viser fylkeskommunen til at det statleg sikra arealet er kartlagt og verdsett som eit svært viktig friluftslivsområde saman med bygdetunet og gangvegen over elva. Vidare er det innanfor det statleg sikra området registrert ein viktig naturtype, hagemark, med gamle styva asketre (sjå www.naturbase.no). Desse har både ein verdi for biologisk mangfald og ein opplevingsverdi for ålmenta.

Fylkeskommunen vurderer at det sikra friluftslivsområdet har vesentlege kvalitetar sett i samanheng med bygdetunet og omkringliggende turvegar. Dei største kvalitetane ligg på det arealet som fell saman med hagemarka, dvs. arealet nærmast bygdetunet og turvegen i sør, jf. kartskissa som ligg ved uttalen frå fylkeskommunen. Dei tilrår slik bevaring av dette arealet som kulturlandskap, og at det framleis skal vere eit statleg sikra friluftslivsområde. Den delen av området som ligg lengst ifrå bygdetunet, jf. den same kartskissa, har ikkje like høge verdiar og like viktig funksjon og er difor mindre uheldig å omdisponere til ev. byggjeformål. Om det skal byggjast ein barnehage her må det likevel takast omsyn til naturverdiane og omgjevnadene. Vidare tilrår fylkeskommunen at det blir

utarbeidd ein skjøtselsplan for hagemarka med styvingstrea slik at dette blir vareteke på ein god måte.

Miljødirektoratet si vurdering

Vi gjer merksam på at Miljødirektoratet si rolle i denne saka er som rettshavar på det statleg sikra friluftslivsområdet. Miljødirektoratet er ikkje myndigheit i plan- og byggjesaker.

Det generelle utgangspunktet er at all forvaltning av statleg sikra friluftslivsområde skal vurderast i lys av at områda er sikra for ålmenta. Dette er i seg sjølv god nok grunn til ikkje å akseptere annan bruk av områda, og omdisponering av statleg sikra friluftslivsområde skal i prinsippet ikkje skje. Miljødirektoratet kan likevel gje samtykke til omdisponering dersom det blir lagt fram særskilte forhold, som til dømes tungtvegande samfunnstenlege omsyn, eller dersom ei omdisponering betrar tilhøva for utøving av friluftsliv i områda. Krav om framlegging av dokumentasjon og grunngjeving for ev. omdisponering blir stilt til den som søker ein annan arealbruk enn det områda er sikra for.

Samstundes er det eit nasjonalt mål at friluftsliv i nærmiljøet til der mange bur skal prioriterast i det offentlege friluftslivsarbeidet. Arealpress i tettstader gjer eksisterande friområde sårbare. Grøntområde i og ved tettstader er lett tilgjengelege og viktige for at slike stader skal vere gode å bu i for mange.

Barnehagebygging, som er bakgrunnen for denne omdisponeringssøknaden, er òg eit viktig samfunnsbehov, og vi vil freiste å finne ei god løysing slik at dette kan bli oppfylt samstundes som friluftslivsinteressene blir teke omsyn til. Vi må ha tillit til at Voss herad har gjort eit grundig forarbeid før de har landa på at det ikkje er andre gode nok lokaliseringsalternativ, og at heradet difor ynskjer å gå vidare med sikte på omregulering til byggjeformål av ein del av det statleg sikra friluftslivsområdet.

Slik vi vurderer det er det liten tvil om at dette er eit område med friluftslivs- og opplevingsverdiar både i seg sjølv og i den samanhengen det ligg i. Det har natur- og kultukturkvalitetar ein bør ta omsyn til og som fylkeskommunen har skildra godt i sin uttale. Friluftslivsverdiane for eit større område heng saman med desse kvalitetane. Området ligg sentralt i bygda, og det har eit klart potensial for meir friluftslivsbruk.

Hagemarka med asketrea er vidare ein lokalitet av den trua naturtypen semi-naturleg eng, som er i kategorien *sårbar* på raudlista. Styvingstre er eit viktig leveområde for sjeldne og trua artar av lav, mose og insekt. Aktiv, varsam skjøtsel av desse er slik viktig og kan her truleg vere naturleg å sjå i samanheng med verksemda til museet. Bruk av enga, til dømes ein kombinasjon av beite og friluftslivaktivitet, er positivt, for kulturmark både tåler og treng bruk.

På bakgrunn av dette støttar vi Vestland fylkeskommune si vurdering av at det er den vestlege delen av eigedomen, mellom hagemarka og vegen Øyane, det vil vere minst uheldig å omdisponere. Av omsyn til heilheten bør ein heller ikkje byggja for nært sjølve bygdetunet. For samtykke sett vi difor vilkår om at ein eventuell barnehage blir bygd innanfor det arealet Vestland fylkeskommune har skissert i sin uttale, slik at ein òg tek vare på hagemarka med asketrea. Det er viktig å trekke ev. bygg såpass langt unna trea at dei ikkje blir skygga for, får øydelagt rotsona eller på anna vis får

endra miljøforhold negativt. Som Vestland fylkeskommune oppmodar vi til at heradet utarbeider ei skjøtselsplan for hagemarka som bør brukast aktivt i vidare drift.

Vidare blir det stilt vilkår om at ålmenta kan bruka utearealet til barnehagen utanfor opningstid, slik Voss herad skisserer, og sambruk av ev. anna tilrettelegging for aktivitet som kjem i område som følge av barnehageetablering.

I søknaden skriv Voss herad at de ynskjer at Fjordparken skal bli eit statleg sikra friluftslivsområde. Dette vil bli ei naturleg utviding av Grandane-Røynstrand. Ut frå opplysningane om området stiller vi oss positive til sikring av dette arealet. Sidan Fjordparken er eit etablert friområde som ålmenta har tilgang til i dag, kan ein ikkje seie at sikring av dette blir ei erstatning for ålmenta for at ein eventuelt omdisponerer ein del av Øyane bygdatun. Vi vurderer likevel ikkje at vi vil stille krav om anna erstatningsareal i saka. Voss herad kan i tillegg vurdere om det er hensiktsmessig for heilheitleg forvaltning vidare å utvida resterande sikra areal av Øyane bygdatun med turvegarealet på gnr. 635 bnr. 19 som grensar til gnr. 623 bnr. 65 i sør.

Konklusjon

Som rettshavar på gnr. 623 bnr. 65 Øyane bygdatun statleg sikra friluftslivsområde i Voss herad, gir Miljødirektoratet samtykke på vilkår til mogleg omdisponering av ein del av friluftslivsområdet til barnehageformål. Vilkåra er: **1)** Plassering av ev. barnehage innanfor arealet skissert i kartskisse vedlagt Vestland fylkeskommune sin uttale av 08.10.2020, og slik at asketrea ikkje får endra sine miljøforhold negativt av tiltaket. **2)** Utarbeiding av skjøtselsplan for hagemarka på eigedomen. **3)** Sambruk av utearealet til barnehagen utanfor opningstidene. Og **4)** Statleg sikring av Fjordparken og ev. innlemming av turvegareal ved Øyane bygdetun i det statleg sikra friluftslivsområdet.

Vi ber om orientering om prosessen vidare. Dersom det skal byggjast barnehage på gnr. 623 bnr. 65, må det frådelast tomt, og Miljødirektoratet må i samband med det signere fråsegn til Kartverket om sletting av hefte på tomta.

Helsing

Miljødirektoratet

Dette dokumentet er elektronisk godkjend

Terje Qvam
sekjonsleiar

Heidi Grete Betten
seniorrådgjevar

Tenk miljø - vel digital postkasse frå e-Boks eller Digipost på www.norge.no.

Kopi til:

Vestland fylkeskommune Postboks 7900 5020 BERGEN
Fylkesmannen i Vestland Njøsavegen 2 6863 LEIKANGER